

# Ein **smakebit** på restaurantfaget



**SERVITØR:** Ungdomsskuleelev Loc Nguyen serverer lærar Gjøa Kvalnes og KVV-elev Tamires Emmerhoff.



**FILETERER:** Simon Grasdal frå Husnes ungdomsskule (nærmast) og KVV-elev Øystein Andreasen fileterer laks.



**FRUKT:** Gjennom prosjektet «Vi dekke til fest» har ungdomsskuleelevar frå Husnes fått boltra seg på KVV sitt kjøken. Her ser du Anja Thorkelsen Kleven og Joakim Larsen skrella frukt til ein fruktsalat.



**GARNITYR:** Ungdomsskuleelevane Camilla Hatlestad Røssland (t.v.) og Synne Nissestad lagar garnityr; hakka nøtter og jordbær.

Gjennom prosjektet «Vi dekker til fest» har ungdomsskuleelevar fått testa kokkekunnskapen sin hos Restaurant- og matfaglina på KVV.

Prosjektet går i heile landet, etter ein idé av Geir-Rune Larsen som er avdelingsleiar ved restaurant- og matfag på Strinda vgs i Trondheim.

– Det er kjempebehov for folk i alle matfaga, og målet med prosjektet er å rekruttera ungdom til desse yrkesretningane, seier lærar ved linja på KVV, Lajla Sund. I seks dagar over tre veker har elevane på 9. trinn ved Husnes ungdomsskule rullert på å ha skuledagen sin på kjøkenet til KVV saman med vidaregåandelevane på første- og andreåret på linja.

Dei har fått laga ein meny bestående av «lefsetrio», pølse med potetstappe,



grilla laks med Snøfrisk-krem, og sjokoladefondant, fruktsalat og jordbærsmootie til dessert. Alt blei sjølvsagt laga frå botn, og etterpå fekk elevane eta maten dei hadde laga.

## Flinke elevar

Ungdomsskuleelevane blei delt inn i ulike stasjonar med ulike oppgåver, og fekk rettleiing frå dei eldre ungdomane. Ikkje alle elevane laga mat. Vilde Teigen (15) og Zumilana Eldi (15) var på ei gruppe som skulle dekkja bord og servera.

– Noko av det synest eg var litt

keisamt, som å pussa bestikk og glas. Eg ville heller laga mat om eg fekk velja, seier Vilde, og Zumilana er einig.

– Men vi har lært korleis vi skal dekkja. Glaset skal til dømes stå over den første kniven, og alt må vera beint, for å nemna noko, fortel Zumilana.

Tore Jan Sønstabø (14) og Jarand Skarveland (14) måtte ta oppvasken, men fekk i tillegg baka loff.

– Vi syntest faktisk det var kjekkast i oppvasken! smiler Tore Jan.

– Ja, der hadde dei nemleg ei kul vaskemaskin, ein «steamer», slik at

jobben gjekk fort. Ein slik kunne eg tenkt meg å ha heime! seier Jarand.

Ein av dei som går restaurant- og matfag på KVV, og som var med og hjalp ungdomsskuleelevane, var Steffen Andersen (28) frå Drammen.

– Eg synest det har vore veldig kjekt å ha dei her, mange av dei er flinke og dei fleste tar instruksane våre greitt. Det er også kjekt for oss å læra vekk litt av det vi driv med på linja.

Mona Grønningen  
mona@kvinningeringen.no

## Lyst å vera lærling

i Kvinnherad kommune?

Vi tek inn lærlingar innan faga:

- Helsefagarbeidar
- IKT
- Barne- og ungdomsarbeidar



Kvinnherad  
kommune

Sjå «ledige stillingar» på [www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no)  
For spørsmål ring 53 48 31 00 eller e-post: [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)

## Fitjar vidaregåande skule

– ein god plass å vera, ein god plass å læra

Skulen vår har mange elevar frå Kvinnherad, og me vil gjerne at DU og søker Fitjar vgs!

- Vg1 Helse- og oppvekstfag
- Vg1 Restaurant- og matfag
- Vg1 Design og handverk
- Vg2 Helsearbeiderfag
- Vg2 Barne- og ungdomsarbeiderfag
- Vg2 Kokkefag
- Vg2 Design og tekstil
- Vg3 Påbygging til generell studiekompetanse
- Vg3 Påbygging til generell studiekompetanse for personar med fagbrev.

Velkomen til open skule 18.2 kl 15-19.



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE  
Tlf. 53 45 78 00 • [post.fiv@hfk.no](mailto:post.fiv@hfk.no)  
Sjekk ut heimesida vår: <http://fiv.hfk.no>

**HTG**  
Haugesund  
Toppidrettsgymnas

- Vi tilbyr Studiespesialisering med Toppidrett, generell- og spesiell studiekompetanse
- Programområdene: Realfag & Språk, samfunnsfag og økonomi
- Vi skreddersyr treningsopplegg i din idrett

VIDEREGÅENDE SKOLE FOR DEG SOM ER GLAD I IDRETT  
HAUGESUND-TOPPIDRETTSGYMNAS.NO



SOM PLOMMA I EGGET: Marius Andreas Heggøy (snart 20) er tømrrarlærling på første året. Han kunne ikkje drøymd om å velja annleis.

## Få tar høgare utdanning

Samanlikna med andre kommunar, både i Hordaland og i landet elles, er det få med høgare utdanning i Kvinnherad.

Tal frå Statistisk sentralbyrå syner at berre 20,3 prosent av innbyggjarane over 16 år i Kvinnherad har utdanning frå høgskule eller universitet (minimum tre år). Berre 2,7 prosent

av desse igjen har lang høgare utdanning, altså utdanning på meir enn fire år. Heile 50,3 prosent har vidaregåande skule som si høgaste utdanning. Med vidaregåande utdanning reknast yrkesfag/fagbrev og fagskular.

I landet elles er snittet 42 prosent med vidaregåande som høgaste utdanning, medan 29,8 har høgare utdanning frå høgskule/universitet. For Hordaland er snittet høvesvis 42,9 prosent og 30,7 prosent.

Det er ein trend at byar har

den høgaste delen innbyggjarar med høgare utdanning. I Bergen har 37,6 prosent av innbyggjarane over 16 år høgare utdanning. Tilsvarande har 38,4 prosent vidaregåande skule som høgaste utdanning. I Oslo har heile 46,5 prosent av innbyggjarane høgare utdanning, noko som er 26,2 prosent meir enn i Kvinnherad. Skal vi sjå nærmare på kommunar som er naturleg for Kvinnherad å samanlikna seg med, har 25,2 prosent av innbyggjarane på Voss høgare

utdanning frå høgskule eller universitet, medan 49,1 prosent har vidaregåande som sin høgaste utdanning. I Fusa har 21,1 prosent høgare utdanning, 50,8 prosent har vidaregåande. 26,5 av dei på Os har høgare utdanning, 45,9 vidaregåande. På Stord er tala høvesvis 27,6 og 46,5. I Odda er tala 20,4 og 52,2.

### Høgaste fullførte utdanning hjå personar over 16 år i Kvinnherad: (Tal frå 2012/SSB)

Grunnskulenivå	3054 pers.	29,4 prosent
Vidaregåande skule	5226 pers.	50,3 prosent
Høgskule/universitet, t.o.m fire år	1823 pers.	17,6 prosent
Høgskule/universitet over fire år	284 pers.	2,7 prosent
Ingen utdanning/ikkje oppgjeve	181 pers.	

## ◆ 2 av 3 KVV-elevar vel yrkesfag

# – Ville aldri vald annleis

Marius Andreas Heggøy (snart 20) er tømrrarlærling på første året. Han var aldri i tvil om kva studieretning han skulle gå.

– Eg har ikkje vore inne på tanken om å velja studiespesialisering. Eg har alltid visst at det måtte bli yrkesfag på meg, seier Marius Andreas Heggøy frå Husnes/Herøysundet.

I februar byrja han som lærling hjå Byggfirma Kjell Høyland AS, etter å ha bytta over frå Halsnøy Trelast.

– Eg var heldig som fekk meg lærlingplass midt i eit semester. Kjell Høyland søkte etter lærlingar, og eg slo til, fortel han.

For å bli tømrrarlærling, gjekk Heggøy to år på Bygg- og anleggsgfag ved KVV. I 2012 var han ferdig. Så valde han å ta eit år påbyggingsfag for å få studiekompetanse, trass i at han hadde planar om å bli lærling.

– Eg slit litt med ryggen, og tenkte som så at det er lurt å ha noko å falla tilbake på, i framtida. Men berre sånn i tilfelle.

### Ingen eksamenspress

Heggøy er langt frå einaste KVV-eleven som har vald å satsa på yrkesfag. 2 av 3 som byrjar på KVV, vel yrkesfag. Det opplyser rektor Audun Bjelland.

– Det er eit ganske høgt tal, ja. No er det jo ein del som vel å gå påbyggingsfag seinare, men uansett ser vi at yrkesfag er hakket meir populært her i kommunen samanlikna med mange andre kommunar, forklarar Bjelland.

Også ein stor del av vennegjengen til Marius Heggøy har vald seg retningar innan yrkesfag.

– Til og med kjæresten min gjekk byggfag i lag med meg, og sidan gjekk vi påbygg saman. Men ho har no byrja på høgare utdanning i Bergen, medan eg er lærling.

– Du vart ikkje freista til å bli student, du òg?

– Nei, absolutt ikkje. Og særskild ikkje no medan ho kaver på med alle eksamenar. Det er herleg å sleppa slikt, blunkar Heggøy.

Den ferske yrkesfaglærlingen vart på mange måtar fødd til livet som handverkar.

– Då eg var yngre, var eg mykje med søskenbarnet mitt på jobb. Han driv eget firma. Og då bestefaren min levde, var eg mykje med han når han flisa og malte. I tillegg har eg onklar som jobbar i handverksbransjen. Eg har difor vore interessert i desse tinga heilt sidan eg var liten.

– Kva ser du for deg at du gjer dei komande åra?

– Når eg er ferdig som lærling, skal eg først i garden. Vonleg med eit bestått fagbrev i sekken. Etter at eg er ferdig der, vonar eg jo at eg framleis har jobb her hos Kjell Høyland.

– Drøymer du om eige firma?

– Det har eg ikkje tenkt så mykje på. Det verker til å vera mykje arbeid, men det er ikkje godt å seia kva framtida bringer, meiner Heggøy.

Elisabeth Berg Hass  
elisabeth@kvinnheringen.no

## Lærlingar i Kvinnherad

Kvinnheringen har henta inn tal på kor mange registrerte lærlingar det er i kommunen.

Tala er dei som Opplæringskontoret for Sunnhordland har under sin paraply, pluss kommunen sine lærlingar. Førstnemnte hadde i 2013 60 lærlingar. Desse fordelte seg slik:

Tømrrarfaget	15
Bilfaget	2
Anleggsmaskinmekanikar	1
Industrimekanikar	7
Industrimontør	1
Elektrikar	2
Energimontør	1
Sveisefaget	3
Platefaget	3
Salsfaget	1
Cnc-faget	3
Kjemiprosess	19
Automatisering	2

Firma som har desse lærlingane er Sørål, HMR-Husnes, Kvinnherad bygg, SMV, Kvinnherad Energi, Norsafe Årsnes,

Husnes motor, Dimmelsvik bil, Teigen bygg og trelast, Halsnøy trelast, Tungesvik bygg, Eide Marine Tech, Byggpartner, Bergen Group Skarveland, Øybygg, MCE, Into Elektro, Byggfirma Kjell Høyland og Sandvoll Entreprenør. Den største delen av lærlingar er frå Kvinnherad, men det er òg ein del som kjem frå andre kommunar.

Kvinnherad kommune har 13 lærlingar. Desse går ikkje gjennom Opplæringskontoret, men fylkeskommunen.

Barne- og ungdomsarbeidarfaget	4
IKT	1
Helsefagarbeidarfaget	4
TAF-Helse	4

(TAF betyr tekniske og allmeme fag. Lærlingane går vekselvis på skule og i lære over fire år, og får då studiekompetanse med «på kjøpet». Alle TAF-Helse-lærlingane til Kvinnherad kommune kjem frå Fusa vidaregåande skule).

Læreplassar 2014



**Medlemsbedriftene våre treng lærlingar i fleire ulike fag innan:**

- Bygg - og anleggsteknikk
- Elektrofag • Service og samferdsel
- Teknikk og industriell produksjon

Send søknad med godkjende kompetansebevis til:  
**Opplæringskontoret for Sunnhordland, Pb 29, 5480 Husnes,** eller til [post@suo.no](mailto:post@suo.no). Skriv kva lærefag du ønskjer, og me vil formidla vidare til aktuelle bedrifter.

PS! Hugs å søkja på [www.vigo.no](http://www.vigo.no) også, uansett om du søker direkte til oss/bedrifter.

**Søknadsfrist: 1. mars**

For nærmare opplysningar, ta gjerne kontakt med oss på **tlf. 53 47 24 60**.



**Opplæringskontoret for Sunnhordland**  
Aksen, 5480 Husnes, tlf. 53 47 24 60  
E-post: [post@suo.no](mailto:post@suo.no) / [www.suo.no](http://www.suo.no)



**ETNE VIDAREGÅANDE SKULE**  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

VG1 Teknikk og Industriell Produksjon  
VG1 Design og Handverk  
VG1 Medium og Kommunikasjon  
VG1 Idrettsfag

VG2 Kjøretøy  
VG2 Arbeidsmaskinar  
VG2 Interiør- og Utstillingsdesign  
VG2 Medium og Kommunikasjon  
VG2 Idrettsfag

VG3 Påbygging til generell studiekompetanse  
VG3 Påbygg 23 (yrkeskompetanse/ fagbrev)  
VG3 Idrettsfag

**HUSK**  
SØKNADSFRIST  
**1. MARS**



etv.hfk.no  
TLF 53771040  
post.etv@hfk.no  
Følg oss på facebook **MED NØKKELEN TIL FRAMTIDA**



**Tveit Videregående Skule**  
VIDAREGÅANDE SKULE  
NESSTRAND

Tveit Videregående skule tilbyr utdanning innen studieretning naturbruk. Skolen gir deg et godt faglig og praktisk grunnlag for arbeid i landbruket, anleggsgartner-næringen og i arbeid med hest og hund. Du blir kvalifisert for videre studier og interessante stillinger hvor en kan kombinere interessen for natur med en yrkeskarriere.

Etter første året skal du velge mellom Landbruk, Anleggsgartner og Hest. Hundefag kan du ta som valgfag. Etter Vg2 kan du velge Vg3 Agronom (for landbrukslever) eller Vg3 Studiekompetanse.

De fleste elevene hos oss bor på skolen. Det betyr at du ikke bare får et faglig tilbud i form av opplæring, men også trening i sosiale ferdigheter.

Å bo på internat og delvis flytte hjemmefra som 16-åring, er en utfordring. Livet på internatet, gir en god ramme for personlig utvikling.

**Tveit Videregående skule, et tilbud til hele mennesket!**  
www.tveit.vgs.no

**KVINNHERAD VIDAREGÅANDE SKULE**  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

## Treng du skuleplass?

KVV tilbyr mange ulike utdanningsprogram innan yrkesfag og studie-spesialisering. Skulen har i tillegg tilbud innan idrett. Vaksne får tilbud om utdanning gjennom Vaksenopplæringsenteret ved skulen. Vi har nye fine lokale, med kantine, bibliotek, trimrom, eit godt miljø og eit einestående uteområde!



Velkomen til KVV!

<b>Studiespesialisering</b>	Vg1 Studiespesialisering Vg2 og Vg3 Realfag, Vg2 og Vg3 Språk, samfunnsfag og økonomi
<b>Helse- og oppvekstfag</b>	Vg1 Helse- og oppvekstfag Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag Vg2 Helsearbeidarfag
<b>Elektrofag</b>	Vg1 Elektrofag Vg2 Elenergi
<b>Bygg- og anleggsteknikk</b>	Vg1 Bygg- og anleggsteknikk Vg2 Byggteknikk
<b>Teknikk og ind. produksjon</b>	Vg1 Teknikk og ind. produksjon Vg2 Industriteknologi
<b>Restaurant- og matfag</b>	Vg1 Restaurant- og matfag Vg2 Kokk- og serveringsfag
<b>Service og samferdsel</b>	Vg1 Service og samferdsel Vg2 Sal, service og tryggleik
<b>Påbygg</b>	Vg3 Påbyggingsår, yrkesfaga
<b>Kvardagsliv</b>	Tilbod til elevar med særskilte behov.

Adr: Opsangervg.160, 5460 Husnes, tlf: 53 47 57 00. E-post: post.kvv@hfk.no

Les meir om oss på heimesida vår: [www.kvv.hfk.no](http://www.kvv.hfk.no)



# I teneste for **Kongen**

**Vilde Tveito (19) frå Rosendal er for tida gardist-aspirant.**

Om nokre veker er ho gardist, og vil fram til september mellom anna vera å sjå framfor slottet i Oslo. Hovudoppgåva til gardistane er nemleg å passa på kongehuset.

## Rekruttskule

Vilde starta på rekruttskulen 1. oktober. Garden sin rekruttskule heiter Terningmoen og ligg på Elverum.

– Her var eg i tre månader før eg kom til Huseby leir i Oslo, fortel Tveito.

Det var krevjande, men kjekt. – Vi hadde nokre tøffe øvingar, mellom anna gjekk vi i tre dagar nesten utan mat og søvn. Då eg klarte å gjennomføra dette, fekk eg ei utruleg god meistringskjensle. Om du er kvinne eller mann er det ikkje skilnad i kva som vert forventet av deg. Eg må bera like mange kilo som alle andre, og det tykkjer eg er heilt greitt, fortel Tveito.

– Sersjantane, fenrikane og løytnantane er tøffe i starten på rekruttskulen, og eg var litt redd dei i byrjinga, ler Vilde. Det var nok for å setja seg i respekt, etter kvart så «mjukna» dei opp og var eigentleg ganske greie.

## Skulelei

Vilde fortel at ho vart inspirert av ei veninne til å ta militærutdanning.

– Sarah Dekke Eik frå Rosendal fortalde mykje frå si tid i militæret og det gjorde meg nyfiken på å prøva det.

– Sidan eg var skulelei etter vidaregåande, der eg tok mekaniske fag og påbygg, hadde eg lyst å gjera noko praktisk. Eg likar ikkje så godt å sitja i ro på ein stol i eit klasserom, fortel Tveito.

– I tillegg var eg usikker på kva eg ville utdanna meg til, og då passa det med eit år i militæret, der eg kan sortera i tankane og ønska mine.

Vilde skal dimmittera i september. Planane for resten av året er då å jobba litt, og nytta høvet til å reisa rundt litt for ho søker på politihøgskulen.

– Lenge hadde eg tenkt å søkja på befalskule etter militæret, men eg har endra mening i desse månadene her. Eg trur at politiyrket passar betre for meg.

## Mannsdominert

At det har vore fleire menn enn kvinner i militæret er ikkje noko stor nyhende, og slik er det framleis i 2014.

Vilde kan fortelja at i hennar tropp i Garden er det fire kvinner og om lag 40 menn.

– Det er fire troppar til saman i Garden, fordelinga mellom kvinner og menn er ganske lik i dei tre andre troppane, som i troppen min.

Det å vera einaste kvinnelege gardist-aspirant på rommet i lag med 10 menn plagar ikkje sympatiske Vilde.

– Eg har alltid hatt mange gutevener,

og har teke vidaregåande utdanning som er tradisjonell for jenter. Det går heilt fint å dela rom med berre menn, eg er mykje saman med dei på fritida òg.

## Daglege gjeremål

Sjølv aspiranttida i Garden varar i 6 veker, etter desse vekene kan ein kalla seg gardist. Dei fleste tenkjer ofte på gardistane som «dei som står vakt med porten på slottet». Det er ikkje berre vaktning som står på dagsprogrammet til Vilde om nokre veker.

– Det er vaktskifte etter to timar, det er ganske tøft å stå rett opp og ned så lenge fortel Vilde. Andre gjeremål er marsjøvingar, trening på skytebanen og nærkampøvingar.

Ein vanleg dag for Vilde i Huseby leir er å stå opp klokka seks om morgonen, då er det å strekkja sengetøyet på senga og stryka uniforma dei første gjeremåla. Deretter er det frukost, før ho må vaska rommet.

– Etter vaskinga er det alltid styrketrening på programmet, før vi tek til med andre øvingar, fortel Tveito.

Vilde kan avkrefta myten om at dei ikkje har lov til å snakka med folk dersom dei vaktar slottet.

– Vi har lov å snakka med folk dersom dei stiller oss spørsmål, men vi har ikkje lov til å ta kontakt først.

## Positive tilbakemeldingar

Både familie og vener tykkjer at det er tøft av Vilde å ta militærutdanning.

– Eg trur at mamma og pappa synest at det er stas når eg kjem heim i uniform, smilar Vilde. Venene mine seier òg at dei synest at det er eit sprekt og tøft val eg har teke.

– Har du angra på valet ditt?  
– Nei, ikkje eit sekund. Eg kan på det sterkaste tilrå alle jenter å ta utdanning i militæret.

## Tekst og foto:

Marianne Bondhus Bøyum



**ALT FOR KONGEN:**  
Vilde Tveito i giv akt under Malmangernuten.

**Fusa videregående skule**  
Hordaland fylkeskommune

**Videregående tilbud**

- Helse og oppvekstfag
- Naturbruk - akvakultur
- Restaurant og matfag
- Teknikk og industriell produksjon
- Studieførebuande -formgjeving
- Tekniske og allmennefag
  - Helse
  - Marin
  - Teknisk

**Vaksenopplæringstilbod**

- Akvakultur
- Ambulansefag
- Barne- og ungdomsarbeid
- Helsefagarbeid

Miljø  
Læring  
Trivsel

**Fagskuletilbod**

- Akvakultur
- Helse, aldring og aktiv omsorg
- Kreftomsorg og lindrande pleie
- Livstil - og kroniske sjukdommar
- Rehabilitering
- Rus og avhengighetsproblematikk
- Psykisk helsearbeid
- Spesialreinhald og sterilforsyning

**Fusa Fagskule**

Besøk nettsidene våre:  
http://fuv.hfk.no  
E-post: post.fuv@post.hfk.no  
Tlf: 56580900 Fax: 56580901

Fusa videregående skule  
Postboks 113  
5649 Eikelandsosen

**HJELTNES VIDAREGÅANDE SKULE**  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Hjeltnes vgs har følgende tilbud:

**Vg 1 Naturbruk**  
**Vg 2 Anleggsgartner og idrettsanleggsgfag**  
**Vg 2 Blomsterdekoratør**

Skule med internat

Sjå skulen si heimeside: [www.hjeltnes.vgs.no](http://www.hjeltnes.vgs.no)

Hjeltnes vgs, Ulvik i Hardanger  
tlf: 56 53 88 00  
epost: post.hgs@hfk.no

## Ta vidaregåande utdanning på Stord!

**STORD VIDAREGÅANDE SKULE**  
HORDALAND FYLKESKOMMUNEVi har tilbod innan følgjande utdanningsprogram:  
**Yrkesførebuande utdanningsprogram****Teknikk og industriell produksjon**  
• Teknikk og industriell produksjon – Vg1  
• Industriteknologi – Vg2  
• Køyretøy – Vg2**Elektro**  
• Elektro – Vg1  
• Elenergi – Vg2  
• Automatisering – Vg2  
• Automatiseringsfaget – Vg3**Bygg og anleggsteknikk**  
• Bygg- og anleggsteknikk – Vg1  
• Byggteknikk – Vg2**Medium og kommunikasjon**  
• Medium og kommunikasjon  
– Vg1 og Vg2**Service og samferdsel**  
• IKT-servicefag – Vg2**Studieførebuande utdanningsprogram****Studiespesialisering**  
• Studiespesialisering – Vg1  
• Studiespesialisering, realfag og språk, samfunnsfag og økonomi – Vg2 og Vg3**Idrettsfag**  
• Idrett – Vg1, Vg2 og Vg3**Musikkfag**  
• Musikk, dans og drama – Vg1  
• Musikk, dans og drama med vekt på musikk – Vg2 og Vg3**Allmennefagleg påbygging for dei som er ferdig på yrkesfag, Vg2****Førebuande kurs for minoritetsspråklege****Spesialundervisning**  
• Arbeidstrening  
• Kvardagslivstrening  
• Grunnkompetanse i eiga gruppeFelles vekst  
og utvikling  
for alleLes meir: [stv.hfk.no](http://stv.hfk.no) - Tlf: 53 45 20 00 - E-post: [post.stv@hfk.no](mailto:post.stv@hfk.no) Skulen på Facebook: [fb.me/stordvgs](https://www.facebook.com/stordvgs)**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**  
**VOSS JORDBRUKSSKULE****VOSS JORDBRUKSSKULE**  
– studieretning naturbruk**For skuleåret 2014–2015 kan Voss jordbruksskule tilby følgjande kurs:**

- VG 1 NATURBRUK • VG 1 HESTEFAG - NATURBRUK
- VG 1 VILLMARKSLIV & FRILUFTSLIV
- VG2 LANDBRUK OG GARTNERI • VG2 HEST OG HOVSLAGERFAG
- VG2 VILLMARKSLIV • VG3 LANDBRUK
- VG3 NATURBRUK (Gjev generell studiekompetanse)
- TILRETTELAGT KURS: VG1 NATURBRUK - VG1 HESTEFAG
  - VG1 BYGG & ANLEGG
  - VG1 TEKNIKK OG INDUSTRIELL PRODUKSJON

*Grøn yrkeskompetanse – grøn studiekompetanse!*  
Voss jordbruksskule – det NATUR-legaste valet!

Kontakt oss for nærare informasjon:

**Voss jordbruksskule, 5710 Skulestadmo • Tlf. 56 53 24 00**  
**post@voj.hordaland-f.kommune.no • http://voj.hfk.no**  
**Lik oss på Facebook: Voss jordbruksskule, den offisielle**

## 6 om utdanning

Av: Solveig Bjørnebole  
og Maren Røyrvik Grøtthe**Marie Kjeldaas, 14 år**  
– Kva vil du bli når du blir stor?  
– Kanskje lærar.  
– Kvifor det?  
– Gode lærarar betyr mykje, og vi treng fleire av dei.**Ida Marie Vinsrygg**  
– Kva vil du bli når du blir stor?  
– Eg vil bli zoolog.  
– Kvifor det?  
– Fordi eg er veldig glad i dyr.**Marlinn Inntveit**  
– Kva vil du bli når du blir stor?  
– Eg vil bli sjukepleiar.  
– Kvifor det?  
– Fordi det er spennande.**Frida Solheim, 15 år**  
– Kva vil du bli når du blir stor?  
– Noko innan elektro.  
– Kvifor det?  
– Fordi det høyrast kjekt ut.**Katrine Stensletten Haga, 15 år**  
– Kva vil du bli når du blir stor?  
– Noko innan mekanisk.  
– Kvifor det?  
– Fordi det interesserer meg.**Joakim Røssland, 15 år**  
– Kva vil du bli når du blir stor?  
– Noko innan mekanisk.  
– Kvifor det?  
– Eg veit ikkje heilt, men det er nok mest fordi eg likar det.